



Jarle Bjørnevoll
Skaugevegen 521
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1675 - 17/19215

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
27.06.2017

Gbnr 44/2 og 7 Skauge. Førebels svar på spørsmål om løyve til dyrking av myr.

Syner til søknad om godkjenning av plan for nydyrkning. Planen er stempla motteken hjå kommunen 29. mai 2017, og ein seier seg lei for at dette brevet ikkje er sendt før.

Søknaden innhold kart som syner at det er ønske om å dyrke til saman 88da. Områda som skal dyrkast ligg spreidd rundt på eigedommen. Områda er rein myr – felt III og IV, og ein blanding av skogsmark og myr – felt I og II.

I tillegg innhold søknaden sjølve skjema der berre side ein er fylt ut. I rettleiinga til utfylling av skjema står det i punkt F: I punkt 7-11 gir ein opplysning om arealet som ein vil nydyrke. Desse felta er ikkje fyllt ut.

Før kommunen kan handsame søknaden din, ber vi om at søknaden vert litt meir fullstendig. Kvart felt som skal dyrkast må beskrivast nærmare. Kva slag vegetasjon er det i dag, korleis vil ein dyrke t.d. myra. Det renn ein større bekke/elv gjennom felt III. Korleis skal denne elva handterast i samband med dyrking? Skal den lukkast eller skal den framleis renne fritt. I tilfelle er det krav om kantsone. Korleis vil ein løyse dette?

Finst det vegetasjon, dyre- og fugleliv i nokon av områda som krev særleg omsyn?

Sidan områda som er søkt dyrka ligg spreidd, er det av interesse å vite kva som skal dyrkast først, og korleis dei andre områda skal takast i rekkefølgje.

Når det er gjeve løyve til dyrking, må arbeidet gjerast innan tre år, elles fell løyvet bort. Det er difor og viktig at søknaden innhold ein tidsplan.

Kommunen sender med dette søknaden dykker i retur, og ber om at det vert utarbeidd ein meir komplett søknad.

Med helsing

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:

Jarle Bjørnevoll

Skaugevegen 521 5957

MYKING